



**DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT**

Statsråden

Statens bygningstekniske etat
Postboks 8742 Youngstorget

0028 OSLO

Dykkar ref

Vår ref
09/2639-1 ITO

Dato
16 FEB 2010

Tildelingsbrev for 2010

I dette tildelingsbrevet følger Kommunal- og regionaldepartementet opp dei vedtak og føresetnader som Stortinget har treft for 2010, jf. Innst. 2 S (2009-2010), Innst. 16 S (2009-2010) og Prop. 1 S (2009-2010) for Kommunal- og regionaldepartementet.

I tildelingsbrevet stiller departementet til disposisjon løyvingar for Statens bygningstekniske etat i 2010. Det vert òg gjort greie for kva inntekter som vert føresette i budsjetterminen, og kva satsingsområde og mål som skal gjelde for verksemda i 2010. Det vert lagt til grunn at føringar i tildelingsbrev frå tidlegare år vert vidareført, dersom ikkje noko anna er sagt i dette eller tidlegare tildelingsbrev.

Statens bygningstekniske etat har ansvar for å informere departementet om det oppstår vesentlege avvik frå føringane for politikken, i planar som er avtalte med departementet eller i verksemda generelt. Dersom det oppstår avvik skal Statens bygningstekniske etat gjere framlegg om korrigerande tiltak. Statens bygningstekniske etat skal ta opp eventuelle uklare punkt i tildelingsbrevet med departementet.

Tildelingsbrevet har følgjande disposisjon:

- I Mål og resultat for 2010
- II Andre føringar frå departementet
- III Budsjettildeling for 2010
- IV Kalender for styringsdialogen og plan for rapportering
- V Relevante dokument

I MÅL OG RESULTAT FOR 2010

Departementet ber om at Statens bygningstekniske etat prioriterer følgjande satsingsområde for 2010:

- Arbeidet med nye forskrifter og rettleiarar til plan- og bygningslova, og god implementering i byggjenæringa og forvaltninga.
- Satsing på nytt IKT-system for sentral godkjenning og godkjenning av føretak for kontroll.
- Arbeidet med å følgje opp Bygg for framtida – miljøhandlingsplanen for bustad- og byggsektoren 2009-2012, mellom anna arbeidsgruppa for auka energieffektivitet.
- Arbeidet med å følgje opp Handlingsplan for universell utforming og auka tilgjenge 2009-2013.

Hovudmål 1: Ein velfungerande bustadmarknad

Statens bygningstekniske etat har ingen oppgåver under dette hovudmålet.

Hovudmål 2: Auka busetjing av vanskelegstilte på bustadmarknaden

Statens bygningstekniske etat har ingen oppgåver under dette hovudmålet.

Hovudmål 3: Byggjeprosessen skal vere god og effektiv

Regjeringa er oppteken av at byggjeprosessen er god og effektiv for å skape byggverk med berekraftig kvalitet. Ny plan- og bygningslov med forskrifter skal setjast i kraft 1. juli 2010. Det er ein føresetnad at ny Byggjesaksforskrift og ny Teknisk forskrift er vedtekne av departementet i god tid før ikraftsetjing og at kommunane, fylkesmennene og byggjenæringa innan den tid har fått tilstrekkeleg rettleiing om det nye regelverket. Statens bygningstekniske etat har ei svært viktig rolle både i arbeidet med å ferdigstille forskriftene og sikre ei god implementering av nytt regelverk.

Arbeidsmål 3.1: Meir brukarvenleg og målretta byggjesakshandsaming

Departementet viser til organisasjons- og framdriftsplanen som er utarbeidd av etaten og som er lagt til grunn for samarbeidet med departementet om ferdigstilling, utarbeiding av rettleiarar og gjennomføring av informasjon og opplæring om nytt bygningsregelverk. Det er avgjerande for ei vellukka implementering av ny lov og forskrifter at etaten set av tilstrekkelege ressursar til dette arbeidet.

Det ligg òg til etaten å sjå til at tilpassinga av ByggSøk, medrekna framdrifta i arbeidet i Blankettutvalet, vert prioritert slik at tiltakshavarar og kommunar har tilgang på gode, oppgraderte tilbod og løysingar innan ny lovgjeving vert sett i kraft. Tilsvarende gjeld den sentrale godkjenningsordninga som må tilpassast endringar i ny lovgjeving om

mellom anna obligatorisk sentral godkjenning av kontrollføretak og utvidinga av godkjenningsområde.

Det er i Prop. 1 S (2009-2010) lagt til grunn at innsatsen for at ByggSøk vert teke i bruk i kommunane skal intensiverast i 2010. Denne innsatsen må ikkje gå utover oppgradering og tilrettelegging av nye løysingar.

Statens bygningstekniske etat skal i nær dialog med departementet førebu og organisere arbeidet med rettleiing av særleg kommunar og fylkesmenn, men òg næringa og andre brukarar, om nytt regelverk. Departementet tar initiativ til utarbeiding av eit nærare program for dette arbeidet. Statens bygningstekniske etat vil ha eit hovudansvar for at rettleiarar til dei nye forskriftene vert ferdigstilte i web-versjonar innan ikraftsetjing. Hovuddelen av informasjonsarbeidet skal skje i framkant av ikraftsetjing av nye reglar, med sikte på ein smidig og rask overgang for kommunane og byggjenæringa. Departementet ber etaten evaluere gjennomføringa av informasjonsarbeidet om ny lovgjeving.

Statens bygningstekniske etat skal halde fram med samarbeidet med næringa og andre offentlege aktørar i koordineringsutvalet for elektronisk samhandling i bygg- og anleggsektoren, om utvikling av standardar og bruk av elektroniske verkty for effektiv og trygg datautveksling.

Rapporteringskrav:

- Tilpassing av ByggSøk til ny lov og forskrift. Frist for rapportering er 1. tertial 2010.
- Evaluering av informasjonsarbeidet om ny lov og forskrift. Frist for rapportering er 2. tertial 2010.
- Tilpassing av den sentrale godkjenningsordninga til ny lov og forskrift. Det er krav om tertialvis rapportering for arbeidet i 2010.

Arbeidsmål 3.2: Auka seriositet og færre byggjefeil i byggjenæringa

Kvaliteten på bygg er avhengig av at føretaka har haldningar, kompetanse og styring med planlegging, prosjektering og sjølve gjennomføringa av byggjeprosessen.

Statens bygningstekniske etat skal medverke til auka kunnskap om byggjereglar og byggjeprosess i byggjenæringa og i kommunane for å redusere byggjefeil og sikre bygg med god kvalitet. Departementet ber om at etaten ved utarbeiding av informasjonsmateriell legg vekt på å auke forståinga og gjere det enklare å oppfylle krava i regelverket. Viktige område er klimatilpassing av byggverk og tryggleik mot fukt- og brannskadar. Informasjon skal rettast mot dei delar av næringa der problem i byggjesaker oppstår oftast.

Departementet ber om at Statens bygningstekniske etat i 2010 har fokus på marknadskontroll, særleg på bakgrunn av at import av byggjeverar aukar risikoen for at

produkt som vert nytta, ikkje er underlagt god nok kontroll. Dette kan på sikt svekke kvaliteten på bygg. Vi ber òg om at etaten følgjer opp EU sin "varepakke". Det er venta at "varepakken" vil tre i kraft i Noreg 1. januar 2011. "Varepakken" inneber mellom anna at alle medlemsland i sterkare grad må forplikte seg til å drive marknadskontroll med handelsvarer. Regelverket slår fast at det skal etablerast eitt eller fleire elektroniske varekontaktpunkt i kvart land som skal gje informasjon om gjeldande tekniske reglar o.a. til verksemder og styresmakter i andre EØS-statar.

Nytt bygningsregelverk gjev føringar for innretting og omfattande omstilling i den sentrale godkjenningsordninga. Det er viktig at etaten gjev brukarane god informasjon om endringane og skapar forståing for at tilpassinga må skje over tid. Departementet legg såleis vekt på at tilsyn med godkjente føretak skal halde fram for å nå målet om betre kvalitet i byggverk og føretak.

Statens bygningstekniske etat skal framleis vere open for å leggje til rette for at andre liknande nasjonale godkjenningsordningar kan innpassast i ordninga for sentral godkjenning av føretak.

Statens bygningstekniske etat skal i 2010 fortsetje å støtte opp under standardiseringsarbeidet både nasjonalt og internasjonalt. Departementet ber om at etaten medverkar til at standardar vert oppdaterte, og at nye standardar vert utvikla. Gode og eintydige standardar er ein viktig føresetnad for gode byggjeprosessar og kvalitet i det bygde miljø, og som grunnlag for bruk av uavhengig kontroll.

Statens bygningstekniske etat skal halde fram med arbeidet i KoBE, kompetanseprogrammet for eigedomsforvaltning i kommunane og fylkeskommunane. I eit berekraftig perspektiv der òg miljøomsyn og universell utforming står sentralt, er det viktig å utvikle og formidle kunnskap på dette området for at eigarar og forvaltarar skal kunne realisere føremålet med å eige og drive bygningane sine og eigedomsforvaltninga på ein effektiv måte. Det er framleis viktig å ha fokus på tiltak som styrkjer rolla til dei folkevalte og kommuneleiinga når det gjeld å utøve eit aktivt eigarskap.

Rapporteringskrav:

- Plan for arbeidet som tilsynsstyresmakt for byggjevaremarknaden. Frist er sett til 1. tertialsrapportering 2010.

Arbeidsmål 3.3: Styrkt kompetanse og tilsyn i kommunane

Ny plan- og bygningslov stiller krav om auka kommunalt tilsyn med byggjeverksemnda. Det er viktig at Statens bygningstekniske etat støttar opp om ambisjonane i regelverket gjennom rettleiing og informasjon slik at kommunane byggjer opp kompetanse om tilsyn slik at omfanget av feil og manglar vert redusert. I denne samanhengen kan

resultat frå prosjekt i det avslutta Byggjekostnadsprogrammet gje innspel til område som bør ha særleg fokus både ved kontroll og tilsyn.

Det er viktig at det nære samarbeidet mellom departementet og Statens bygningstekniske etat held fram ved bygging i fareområde. Konklusjonane frå Ålesund-utvalet og den spesielle faresituasjonen i Storfjorden er lagt til grunn for endringar i regelverket.

Statens bygningstekniske etat skal i samarbeid med Klima- og forureiningsdirektoratet medverke til at overføring av reglene om byggavfall til plan- og bygningslovgjevinga vert god og smidig, slik at nye reglar om handtering av byggavfall vert etterlevd.

Hovudmål 4: Fleire miljøvenlege og universelt utforma bustader og bygg på attraktive stader

Statens bygningstekniske etat har ein sentral oppgåve i å stimulere til ein berekraftig og varig kvalitet i bustader, bygg og bygde omgivnader. Dette skal mellom anna skje gjennom arbeid med utvikling av regelverket, informasjonsverksemd og støtte til forskning og utgreiingar.

Politikkområdet under hovudmål 4 grenser til andre planar som regjeringa har utarbeidd. Følgjande dokument er relevante:

- Bygg for framtida – miljøhandlingsplan for bustad- og byggsektoren 2009-2012
- Handlingsplan for universell utforming og auka tilgjenge 2009-2013
- Arkitektur.nå om norsk arkitekturpolitikk
- Klimakur 2010 som vert lagt fram vinteren 2010
- Rapport frå Lågenergiutvalet

Arbeidsmål 4.1: Auka tal på miljøvenlege bustader og bygg

Etaten skal følgje opp "Bygg for framtida", Kommunal- og regionaldepartementet sin miljøhandlingsplan for bustad- og byggsektoren 2009-2012. Oppfølginga må i naudsynt grad verte samordna med Husbanken. Etaten skal også oversende korte nyheitsbrev om interessante tiltak frå planen for presentasjon på nettsidene til Kommunal- og regionaldepartementet.

Kommunal- og regionaldepartementet ber om at Statens bygningstekniske etat, i samarbeid med Husbanken og departementet, tek ansvar for å arrangere ein konferanse hausten 2010 om oppfølging av miljøhandlingsplanen.

Kommunal- og regionaldepartementet har etablert ei arbeidsgruppe for auka energieffektivitet i nye og eksisterande bygg. Statens bygningstekniske etat vil få ansvaret for å dekkje sekretariatsfunksjonar for arbeidsgruppa i samarbeid med

Husbanken. Gruppa skal etter planen leggje fram sine framlegg sommaren 2010. Arbeidsgruppa sine framlegg vil vere del av grunnlaget for ein handlingsplan for auka energieffektivitet i bygg som regjeringa skal leggje fram på eit seinare tidspunkt. KlimaKur 2020 skal leggje fram sluttrapport i februar 2010. Innstilling frå KlimaKur må sjåast i samanheng med arbeidsgruppa si verksemd.

Etaten må ha eit godt samarbeid med Husbanken og Enova i innsatsen for reduserte klimagassutslepp og lågare energibruk i bygg.

Departementet ber om at etaten i samarbeid med Husbanken kjem med eit kortfatta framlegg til korleis etatane kan følgje opp eit revidert bygningsenergidirektiv frå EU innan 1. oktober 2010.

Det er viktig at Statens bygningstekniske etat samarbeider med byggjenæringa om tiltak for å auke næringa sin kompetanse om energi, klima og miljø. Statens bygningstekniske etat skal mellom anna vidareføre støtta til Byggemiljø i 2010. Etaten skal fortsetje samarbeidet med Lågenergiprogrammet, by- og bustadutstillinga FutureBuilt og samarbeidsprogrammet Framtidas byer.

Miljøgiftsutvalet skal leggje fram sine tilrådingar før sommaren 2010. Etaten vert bedd om å samarbeide med Husbanken om oppfølging av tilrådingane frå utvalet og vurdere tiltak for auka bruk av miljømerka eller miljødeklarerte produkt og materialar i byggjeverksemda innan 1. desember 2010.

Rapporteringskrav:

- Departementet ber etaten om ei grundig rapportering av Miljøhandlingsplanen i første tertialrapport. Departementet ber også om at etaten legg fram eit miljøprogram for oppfølging av Miljøhandlingsplanen, inkludert eit avsnitt om strategi for vidare arbeid innan 1. juni 2010.
- Framlegg til oppfølging av EU sitt reviderte bygningsdirektiv. Frist er innan 1. oktober 2010.
- Delen av midlane som etaten disponerer som går til miljørelaterte føremål. Dette er rapportering som skal til Miljødepartementet sin budsjettproposisjon. Rapporteringa skal oversendast til Kommunal- og regionaldepartementet innan 14. mai 2010 i første innspel til Prop. 1 S (2010-2011), jf. vedlegg 2.
- Departementet ber om at etaten og Husbanken legg fram ei samla vurdering av korleis etatane kan følgje opp tilrådingane frå Miljøgiftsutvalet, og vurderer tiltak for auka bruk av miljømerka eller miljødeklarerte produkt og materialar i bustader og i byggjeverksemda. Frist til departementet er innan 1. desember 2010.
- Bruk av FoU-midlar til ulike miljøtema, prosjekt fordelt på mottakarar, tema/føremål, beløp og tidspunkt for ferdigstilling. Det er krav om tertialvis rapportering i 2010.

Arbeidsmål 4.2: Auka tal på universelt utforma bustader, bygg og uteområde

Statens bygningstekniske etat skal saman med Husbanken halde fram med arbeidet med å auke medvit og kompetanse om universell utforming. I samband med handlingsplan for universell utforming og auka tilgjenge 2009-2013 skal det gjennomførast eit program for informasjon om universell utforming retta mot kommunar, fylkeskommunar, byggje- og eigedomsnæringa og bustadeigarar. Statens bygningstekniske etat skal samarbeide med Husbanken om dette programmet. Etaten skal framleis ha prosjektleiinga og sekretariatsansvaret for programmet. Nettsidene om "Din feil" skal utviklast vidare.

Etaten skal følgje opp andre tiltak i planen på sitt område, mellom anna initiere forskning og utvikling om tekniske løysingar for universell utforming og bidra i arbeidet med indikatorutvikling. Det skal setjast i gang tiltak for å implementere kunnskap om universell utforming hos næringa og andre aktørar i samband med ny plan- og bygningslov. Departementet viser til hovudmål 3.1 om informasjonsverksemd knytt til ny plan- og bygningslov.

Plan- og bygningslova har ei føresegn som gjev heimel til å innføre forskrifter om oppgradering av bygg, anlegg og uteområde retta mot publikum. Departementet ber Statens bygningstekniske etat om å setje av ressursar til å bidra i arbeidet med å innrette og utforme forskrifter om oppgradering.

Departementet ber om at Statens bygningstekniske etat samarbeidar med Miljøverndepartementet og Husbanken om å utarbeide rettleiingsmaterial om universell utforming.

Rapporteringskrav:

- Oppfølging av tiltak i Handlingsplan for universell utforming og auka tilgjenge 2009-2013. Departementet vil gje nærare frist for rapporteringa etter tilbagemelding frå Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet.

Arbeidsmål 4.3: Fleire stader med god byggjeskikk og godt bumiljø

Statens bygningstekniske etat har ingen oppgåver under dette arbeidsmålet.

Effektiv og brukarorientert forvaltning

I tillegg til oppgåver under hovudmåla for bustad- og bygningspolitikken skal Statens bygningstekniske etat ivareta mål om ei effektiv og brukarorientert forvaltning.

Open, brukarorientert og velfungerande forvaltning av verkemiddel

Statens bygningstekniske etat skal syte for at det finst god og oppdatert informasjon til aktuelle brukarar på nettsidene til etaten.

Departementet viser til vedlegg 3 om felles retningslinjer for offentlege verksemdar. Alle statlege etatar skal regelmessig gjennomføre brukarundersøkingar.

Effektiv løysing av forvaltnings- og driftsoppgåver

Det er eit mål at budsjetteringa skal vere realistisk. Det er eit resultatkrav at avvika i statsrekneskapen skal vere minimale. Innspel til departementet om avvik og endringar skal gje gode forklaringar om føresetnadene som ligg til grunn for berekningane. Krava i reglementet for og bestemmingane om økonomistyring i staten skal følgjast.

Det er ei satsing på nytt IKT-system for den sentrale godkjenningssordninga. Dette skal finansierast av gebyrauken. Statens bygningstekniske etat skal rapportere på utviklingsprosjektet til departementet i kvar tertialrapport, og så snart som mogleg dersom det vert avvik i framdrifta. Departementet viser til at det er viktig å gjere risikovurderingar og å vurdere gevinstrealisering ved prosjektet. I samband med dette viser departementet til rettleiaren *Samfunnsøkonomisk analyse og gevinstrealisering av IKT-prosjekt* frå SSØ.

Rapporteringskrav:

- Plan for verksemda i 2010, medrekna overordna risikostyring. Frist til departementet er innan utgangen av februar 2010.
- Plan og framdrift på satsinga på nytt IKT-system for den sentrale godkjenningssordninga. Det er krav om tertialvis rapportering i 2010.

II ANDRE FØRINGAR FRÅ DEPARTEMENTET

Kommunikasjon og informasjon

Kommunikasjonsarbeidet i Statens bygningstekniske etat skal støtte opp under dei strategiane som gjeld for verksemda, og vere basert på gjeldande regelverk som ny offentleglov, ny statleg kommunikasjonspolitikk og forvaltningslov. Openheit og tilgjengelegheit er viktige prinsipp. Det er viktig at Statens bygningstekniske etat er lydhøyr og fangar signal i samfunnet som rører ved etaten si verksemd, og brukar dette i eit aktivt kommunikasjonsarbeid. Det er spesielt viktig at Statens bygningstekniske etat gjev god informasjon til aktuelle målgrupper når det gjeld endringar i ordningar eller regelverk, og at kommunikasjon skjer så tidleg som mogleg. Nettsidene er ein viktig kanal som må vidareutviklast. Departementet viser til at dette vil vere spesielt viktig i samband med iverksetting av ny plan- og bygningslov.

Statens bygningstekniske etat skal orientere departementet i god tid før offentleggjering av viktige utgreiingar eller rapportar som etaten har utført eller bestilt. Det må etablerast gode varslingsrutinar mellom Statens bygningstekniske etat og

departementet, slik at etaten i god tid varslar om saker som kan verte store, vanskelege eller kontroversielle i media. Statens bygningstekniske etat skal ha tilfredsstillande planar for krisehandtering, medrekna krisekommunikasjon, der kontakten med departementet er ein viktig del. Departementet ventar at Statens bygningstekniske etat gjer resultata som er oppnådde innanfor etatens politikkområde synlege, og at etaten tar kontakt med departementet for avklaring om politisk leiing skal vere ein del av synleggjeringa.

Risikostyring og internkontroll

Departementet ber Statens bygningstekniske etat om å gjennomføre risikoanalysar som eit ledd i si interne styring. Statens bygningstekniske etat skal dokumentere årlege risikovurderingar på eit overordna nivå. Frist til departementet er innan utgangen av 1. kvartal 2010. Risikovurderingane skal i hovudsak relaterast til målstrukturen i verksemda og integrerast i mål- og resultatstyringa. Den årlege risikoanalysen skal vere eit grunnlag for risikovurderingane i rapporteringa til styringsmøta. Strategiplanar og større utviklingstiltak skal alltid byggje på risikovurderingar. Vurderingar som avslørar høg risiko for at mål ikkje vert nådde skal inkludere omtale av risikoreduserande tiltak. Departementet viser til rettleiar om risikostyring i staten (SSØ). Departementet skal haldast orientert ved eventuelle uventa endringar i risikobiletet.

Statens bygningstekniske etat skal ha system og rutinar for internkontroll. Effektive interne kontrollsystem skal sikre at fastsette mål og resultatkrav vert følgt opp, at ressursbruken er effektiv, og at verksemda vert drive i samsvar med gjeldande lover, forskrifter, retningslinjer og anna relevant regelverk. Vidare er det viktig å ha fokus på å førebyggje og avdekkje moglege misleghald i forvaltninga av midlar. Departementet viser spesielt til at regelverket om offentlege innkjøp skal prioriterast høgt i verksemda. Regelverket skal følgjast.

Informasjonstryggleik

Departementet viser til Nasjonale retningslinjer for å styrkje informasjonstryggleiken 2007-2010 (spesielt kapittel 3).

- Etatane skal som system- og informasjonseigarar ha eit dokumentert styringssystem for informasjonstryggleik.
- IKT-system og informasjon skal risikovurderast for å sikre omsynet til konfidensialitet, integritet og tilgjenge.
- Nye IKT-system/-løysingar skal, før dei vert sett i drift, testast for sårbarheit og ivaretaking av omsynet til konfidensialitet, integritet og tilgjenge.
- Det er tilrådd at tryggleiksarbeidet følgjer anerkjente standardar.
- Hendingar som truar eller kompromitterer IKT-tryggleiken skal rapporterast.

Departementet viser òg til vedlegg 3 og 4 om IKT-arkitektur og prinsipp for planlegging av IKT-løysingar.

Rapportering i samhøve med mållova

Departementet viser til § 8 i mållova om målform i sentrale og regionale statsorgan og § 6 i forskriftene til lova med krav om minimum 25 pst. bruk av den minst nytta målforma. Departementet ber etaten om å rapportere på dette i årsmeldinga.

Personalpolitikk

Personalpolitikken i statleg sektor har som mål:

- å støtte opp om fornying og effektivisering av statleg sektor
- å rekruttere, utvikle og behalde kvalifiserte og motiverte medarbeidarar
- eit inkluderande arbeidsliv prega av mangfald, jf. mellom anna forlenging av IA-avtalen

Offentlege verksemder har plikt til å arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremje likestilling og hindre diskriminering. Frå 1. januar 2009 gjeld desse pliktene kjønn, nedsett funksjonsevne, etnisitet og religion. Pliktene er nedfelt i likestillingslova, diskrimineringslova og den nye diskriminerings- og tilgjengelegheitslova.

Lovene inneheld eit krav til offentlege styresmakter og offentlege verksemder om å gjere greie for tiltak som er sett i verk og tiltak som skal setjast i verk for å fremje føremåla i lova. Dette skal innarbeidast i årsmeldinga og i Prop. 1 S. Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet (BLD) arbeider med ein mal for rapportering for statlege verksemder. Kommunal- og regionaldepartementet vil derfor kome tilbake med informasjon om rapporteringsindikatorar og mal for rapportering.

Barne- og likestillingsdepartementet ga i 2009 ut rettleiaren *Hvordan fremme likestilling og hindre diskriminering*, som finst på nettsidene til BLD, under Dokument/Rettleiingar og brosjyrar. I tillegg har Likestillings- og diskrimineringsombodet (LDO) gjeve ut *Håndbok for arbeidslivet – Likestilling og mangfold*, som finst på nettsidene til LDO, under Handbøker og brosjyrar.

Internasjonalt arbeid

Statens bygningstekniske etat skal ha god kjennskap til det internasjonale og det norske arbeidet med standardisering. Det er særleg viktig at etaten har god kjennskap til EØS-arbeid i EU som kan få konsekvensar for politikkområda til departementet.

Statens bygningstekniske etat kan representere departementet som fagstyresmakt i relevante komitear og arbeidsgrupper knytt til EU, EFTA og EØS etter avtale med departementet. Etaten skal halde departementet orientert om dette arbeidet. Etaten skal ta opp spørsmål av prinsipiell tyding med departementet og gje bistand til

departementet ved implementering av direktiv og rettsakter, og i saker som vert teke opp av ESA.

Statens bygningstekniske etat skal utarbeide utkast til EØS-notat for departementet så snart etaten får kjennskap til at Kommisjonen førebur forslag til nye EU-rettsakter som er relevante på det bygningspolitiske området, jf. retningslinjer av 14. januar 2002.

I internasjonale organ, arrangement og møte som har ein politisk funksjon, eller der deltaking gjeld ivaretaking av norske interesser, skal departementet vere representert. Departementet kan gje Statens bygningstekniske etat fullmakt til å representere departementet i slike fora.

Nordisk ministerråd har sett ned ei arbeidsgruppe som skal vurdere nærare nedbygging av grensehindringar på byggområdet. Departementet deltek i denne arbeidsgruppa. I samband med arbeidsgruppas arbeid vil det verte sett ned ekspertgrupper.

Tenestedirektivet, som i norsk rett er gjennomført i tenestelova, trer i kraft 28. desember 2009. Etter kapittel VI i tenestedirektivet har norske styresmakter plikt til å samarbeide administrativt med tilsvarande styresmakter i andre EU/EØS-statar på direktivets område. Kommisjonen og medlemsstatane har for dette samarbeidet vedteke å vidareutvikle det elektroniske informasjonsutvekslingssystemet Internat Market Information System – IMI. Departementet ber om at Statens bygningstekniske etat, i alle fall i ein overgangsperiode, tek ansvaret for kontaktformidlinga gjennom IMI, slik etaten har gjort framlegg om i brev av 26. mai 2009.

Departementet ber Statens bygningstekniske etat om å publisere relevant informasjon frå EU/EØS på nettsidene sine.

FoU

Alle forskingsrapportar som vert oversendte til departementet, skal inkludere eit notat der Statens bygningstekniske etat gjev sine vurderingar og tilrådingar. Notatet skal oversendast i framkant av offentleggjering av rapportane.

Departementet ber om å få tilsendt tre eksemplar av alle forskings- og evalueringsrapportar som Statens bygningstekniske etat bestiller. Rapportane skal også sendast som .pdf-fil til departementet via e-post. Departementet ber òg om at det i alle oppdrag som Statens bygningstekniske etat bestiller, vert stilt krav om eit engelsk samandrag av rapporten, som skal leverast som ei eiga datafil med framside.

Dei tertialvise rapportane skal ha ei oversikt over oppdatert status for alle FoU-prosjekta etaten har bestilt eller gjeve tilsegn om. Oversikta skal fordelast på mottakarar, tema/føremål, beløp og tidspunkt for når dei skal vere ferdigstilte.

III BUDSJETTILDELING FOR 2010

Departementet viser til Innst. 16 S (2009-2010) og Prop. 1 S (2009-2010) for Kommunal- og regionaldepartementet.

Følgjande utgifter og inntekter vert stilt til disposisjon for Statens bygningstekniske etat i 2010:

Utgifter

<i>Kap.</i>	<i>Post</i>	<i>Sum i 1 000 kr</i>
587	Statens bygningstekniske etat	
	1 Driftsutgifter	54 100
	22 Kunnskapsutvikling og informasjonsformidling	17 000

Inntekter

<i>Kap.</i>	<i>Post</i>	<i>Sum i 1 000 kr</i>
3587	Statens bygningstekniske etat	
	4 Gebyr, sentral godkjenning føretak	28 700

Statens bygningstekniske etat er gjeve ei løyving på 54,1 mill. kr over kap. 587, post 1 Driftsutgifter. Løyvinga inkluderar drift av ordninga med sentral godkjenning av føretak for ansvarsrett i bygningssaker. Ordninga med sentral godkjenning skal vere til sjølvkost, jf. kap. 3587, post 4 Gebyr, sentral godkjenning føretak. Gebyret for sentral godkjenning av føretak vert frå og med 2010 auka med kr 500 per føretak per år, frå kr 1 400 til kr 1 900. Dei auka inntektene skal gå til å styrkje ordninga og investering i nytt IKT-system. Departementet har utarbeidd ny forskrift for den sentrale godkjenningsordninga. Den nye forskrifta setjast i kraft 1. januar 2010.

Kap. 587, post 22 vert auka til 17 mill. kr i 2010. Auken skal mellom anna gå til implementering og informasjonsarbeid knytt til iverksetting av ny plan- og bygningslov, sjå arbeidsmål 3.1.

Det femårige Byggjekostnadsprogrammet avsluttar sitt arbeid i 2009. Departementet meiner det er viktig at Statens bygningstekniske etat i 2010 brukar midlar på å implementere og vidareutvikle kunnskap og erfaringar om reduksjon av byggfeil og kostnader i byggjenæringa slik at kompetansen og læringa som er utvikla gjennom Byggjekostnadsprogrammet kan førast vidare i arbeidet med ein offensiv bygningspolitikk.

Inntil 5 mill. kr på posten skal setjast av til arbeid innanfor KoBE-programmet.

Meirinntektsfullmakt

Statens bygningstekniske etat kan i 2010 overskride løyvinga på kap. 587, post 1 Driftsutgifter mot ei tilsvarande meirinntekt på kap. 3587, post 4 Gebyr, sentral godkjenning føretak, jf. romartalsvedtak IV i Innst. 16 S (2009-2010).

IV KALENDER FOR STYRINGSDIALOGEN OG PLAN FOR RAPPORTERING

Styringsdialogen mellom Statens bygningstekniske etat og departementet består hovudsakeleg av styringsmøte og rapportering på mål og resultat for bestemte periodar. Departementet vil kalle inn til tertialvise styringsmøte i 2010.

Statens bygningstekniske etat skal sende inn rapportering på måloppnåing i framkant av kvart styringsmøte. Det skal rapporterast på satsingsområda, hovud- og arbeidsmåla, anna rapporteringskrav og aktuelle styringsparametrar. I denne rapporteringa skal Statens bygningstekniske etat gje ei risikovurdering der risikoreduserande tiltak er inkluderte, jf. omtale under kap. II Andre føringar frå departementet. Endringar i risikobiletet skal vere fast tema på styringsmøta. Ved avvik på viktige politiske og forvaltningsmessige område skal Statens bygningstekniske etat rapportere til departementet umiddelbart. Vedlegg 1 har ei oversikt over styringsparametrane. I tillegg er det rapporteringskrav under arbeidsmåla i kapittel I Mål og resultat for 2010. Departementet ber Statens bygningstekniske etat om å merke seg at dette ikkje er ei uttømmande liste over kva som vil vere føremålstenleg for etaten å rapportere på. Tertialrapporteringa skal vere departementet i hende seinast den 10. i den andre månaden etter utløpet av rapporteringsperioden, jf. vedlegg 2.

Statens bygningstekniske etat må i 2010 fortsetje arbeidet med å utvikle styringsparametrar som kan gje eit føremålstenleg bilete på måloppnåinga. Departementet ber om at eventuelle innspel på styringsparametrane vert oversendte innan 1. november 2010. Det skal verte gjeve gode analysar av status for arbeidsmåla i rapporteringa frå etaten. Målstrukturen skal vere synleggjort i alle styringsdokument slik at ein oppnår konsistens og samanheng. Vidare skal Statens bygningstekniske etat leggje vekt på avvik frå venta utvikling, og på høveleg vis gjere framlegg om korrigerande tiltak. Departementet ber om at rapporteringa og statistikken så langt det lar seg gjere, vert fordelt på kjønn. Etaten skal òg rapportere på eventuell ulikskap.

Dei tertialvise rapportane skal ha ei oversikt og kort beskriving av forskings- og utgreiingsprosjekt som har fått tilskot over kap. 587, post 22 Kunnskapsutvikling og informasjonsformidling. Oversikta over prosjekta skal fordelast på mottakarar, tema/føremål, beløp og tidspunkt for når dei skal vere ferdigstilte.

Statens bygningstekniske etat skal utarbeide ei årleg framstilling av arbeidet sitt. Den foreløpige årsmeldinga for 2009 skal vere departementet i hende seinast 26. februar 2010. Endeleg årsmelding skal oversendast departementet innan 31. mars 2010. Årsmeldinga skal mellom anna innehalde ein omtale av sjukefråværet og tiltak for å fremje likestilling og hindre diskriminering. Departementet vil syte for at ein kopi av årsmeldinga vert oversendt til Riksrevisjonen. Departementet ber om at all korrespondanse Statens bygningstekniske etat har med Riksrevisjonen vert sendt med kopi til departementet.

Statens bygningstekniske etat er som ein del av statstenesta omfatta av etiske retningslinjer. Desse retningslinjene er meint å vere generelle rettesnorar som krev refleksjonar frå den einskilde tilsette. Fornyings- og administrasjonsdepartementet føreset at kvar einskild verksemd med utgangspunkt i retningslinjene vidareutviklar og styrkjer det etiske medvitet blant dei tilsette, og slik legg eit godt grunnlag for å gje leiarar og tilsette høve til etisk refleksjon. Kvar einskild verksemd må vurdere behovet for å supplere med eigne retningslinjer tilpassa verksemda sitt behov. Retningslinjene er samla på Fornyings- og administrasjonsdepartementet sine nettsider, under Dokument/Rettleiingar og brosjyrar. Departementet ber Statens bygningstekniske etat omtale arbeidet i årsmeldinga.

Budsjettarbeidet går over heile året. Departementet ber om at elektronisk kopi av kassarapportane vert sendte til bustad- og bygningsavdelinga kvar månad (til seksjonsleiar i økonomi- og etatsstyringsseksjonen). Statens bygningstekniske etat skal i tillegg gje innspel til departementet til dei ulike budsjetttrundane gjennom året. Tentative fristar kjem fram av vedlegg 2. Departementet vil kome tilbake til endelege fristar og opplegg for innspel i eigne brev.

Statens bygningstekniske etat kan òg verte bedd om bidrag og bistand utover det ordinære budsjettarbeidet og verksemdsrapporteringa. Dette kan mellom anna gjelde svar til Stortinget, i arbeid med meldingar og proposisjonar til Stortinget, og ved einskildsaker.

Departementet viser til vedlegg 3 om felles retningslinjer for offentlege verksemder.

V RELEVANTE DOKUMENT

- Prop. 1 S (2009-2010) Kommunal- og regionaldepartementet, jf. Innst. 16 S (2009-2010)
- Prop. 1 S (2009-2010) Statsbudsjettet (Gul bok)
- Meld. St. 1 Nasjonalbudsjettet 2010, jf. Innst. 2 S (2009-2010)
- Prop. 1 S (2009-2010) Miljøverndepartementet
- Prop. 1 S (2009-2010) Olje- og energidepartementet
- Prop. 1 S (2009-2010) Barne- og likestillingsdepartementet
- Prop. 1 S (2009-2010) Justis- og politidepartementet
- Prop. 1 S (2009-2010) Kunnskapsdepartementet
- Prop. 1 S (2009-2010) Kultur- og kyrkjedepartementet
- Reglementet for og bestemmingane om økonomistyring i staten

- Rettleiar frå Senter for statlig økonomistyring om evaluering av statlege tilskotsordningar

Med helsing


Liv Signe Navarsete

Vedlegg:

1. Opplegg for mål- og resultatstyring i 2010
2. Kalender for styringsdialogen i 2010
3. Felles retningslinjer for offentlege verksemder
4. Prinsipp for planlegging av IKT-løysingar

Kopi til:

Barne- og likestillingsdepartementet

Finansdepartementet

Husbanken

Husleietvistutvalget i Oslo og Akershus

Miljøverndepartementet

Riksrevisjonen

Vedlegg 1: Opplegg for mål- og resultatstyring i 2010

Styringsparametrene i tabellen nedanfor vil vere eit viktig grunnlag for tertialrapporteringa etaten skal levere i framkant av styringsmøta. Departementet viser òg til rapporteringskrava under kvart arbeidsmål, sjå kapittel I Mål og resultat for 2010.

MÅL OG RESULTAT I 2010	HYPPIGHEIT/ TIDSPUNKT
Arbeidsmål 3.1: Meir brukarvenleg og målretta byggjesakshandsaming	
<i>Styringsparametrar</i>	
Grad av tilfredsheit blant brukarane.	2. tertial 2010
Tal på opplæringskonferansar med deltaking frå KRD/BE.	Tertialvis
Søknader laga på ByggSøk-bygning. Måлтаlet i 2010 er 60 000.	Tertialvis
Søknader laga på ByggSøk-bygning som er sendte inn elektronisk. Måлтаlet for 2010 er 40 000.	Tertialvis
Delen av byggesakar totalt handsama i ByggSøk. Måлтаlet for 2010 er 60 pst.	Tertialvis
Talet på kommunar som tek imot byggjesøknader elektronisk. Måлтаlet for 2010 er 350.	Tertialvis
Arbeidsmål 3.2: Auka seriøsitet og færre byggjefeil i byggjenæringa	
<i>Styringsparametrar</i>	
Talet på sentralt godkjente føretak (kontrollføretak som eigen kategori).	Tertialvis
Talet på godkjente føretak som vert følgt opp (fordelt på type tilsyn).	Tertialvis
Talet på tiltak finansiert av og konferansar arrangert med deltaking frå KoBE.	Tertialvis
Arbeidsmål 4.1: Auka tal på miljøvenlege bustader og bygg	
<i>Styringsparametrar</i>	
Tal på tilgjengelege miljødeklarasjonar for byggprodukt.	Tertialvis
Tal på tilsyn i høve til energibruk og andre miljøtema.	Tertialvis
Tal på opplæringskonferansar om miljøtema med deltaking frå KRD/BE.	Tertialvis
Tal på FoU-prosjekt om ulike miljøtema.	Tertialvis
Arbeidsmål 4.2: Auka tal på universelt utforma bustader, bygg og uteområde	
<i>Styringsparametrar</i>	
Byggjenæringa sin kjennskap til universell utforming, jf. brukarundersøkinga til Statens bygningstekniske etat.	Tertialvis
Byggjenæringa sin kompetanse om krava til universell utforming og tilgjenge i Teknisk forskrift, jf. brukarundersøkinga.	Tertialvis
Tal på tilsyn i høve til universell utforming.	Tertialvis
Tal på besøkande på nettstaden "Din feil".	Tertialvis
Tal på besøkande på nettstaden "Universell utforming bustad og bygg" på etaten sin eigen nettstad.	Tertialvis
Effektiv løysing av forvaltnings- og driftsoppgåver	
<i>Styringsparametrar</i>	
Balansen mellom budsjett og rekneskap. Kravet i 2010 er at avvika er minimale.	Gjennom dei ordinære budsjett-prosessane

Vedlegg 2: Kalender for styringsdialogen i 2010

Månad	Rapportering/møte	Tidspunkt
Januar	Innspel til statsrekneskapen for 2009*	15. januar*
Februar	Elektronisk kopi av kassarapport for januar Rapportering for 3. tertial og foreløpig årsmelding 2009	26. februar
Mars	Elektronisk kopi av kassarapport for februar Innspel til tilleggsløyvingar og omprioriteringar (RNB)* Styringsmøte. Tema er mellom anna årsmelding og årsrekneskapen 2009 Endeleg årsmelding for 2009	1. mars* 9. mars 31. mars
April	Elektronisk kopi av kassarapport for mars	
Mai	Elektronisk kopi av kassarapport for april Innspel til førsteutkast til Prop. 1 S (2010-2011)	14. mai*
Juni	Elektronisk kopi av kassarapport for mai Rapportering for 1. tertial 2010 Styringsmøte. Tema er mellom anna rapporteringa for 1. tertial	10. juni 22. juni
Juli	Elektronisk kopi av kassarapport for juni	
August	Elektronisk kopi av kassarapport for juli Utkast til Prop. 1 S (2010-2011) vert lagt fram for BE for merknader/oppdatering av rapportering på aktivitet	16. august*
September	Elektronisk kopi av kassarapport for august Innspel til nysalderinga i haustsesjonen*	24. september*
Oktober	Elektronisk kopi av kassarapport for september Rapportering for 2. tertial 2010 Styringsmøte. Tema er mellom anna rapporteringa for 2. tertial	10. oktober 19. oktober
November	Elektronisk kopi av kassarapport for oktober Innspel til innsparingstiltak (2012-budsjettet)* Innspel til nye store satsingar (2012-budsjettet)*	15. november* 15. november*
Desember	Elektronisk kopi av kassarapport for november Innspel til konsekvensjustering (2012-budsjettet)*	22. desember*

*Dette er en tentativ frist. Endeleg frist vert gjeve i eige brev på eit seinare tidspunkt.

Vedlegg 3: Felles retningslinjer for offentlege verksemder

Brukarundersøkingar

Alle statlege etatar skal regelmessig gjennomføre brukarundersøkingar. Resultata av dei skal vere offentlege.

Alle statlege verksemder skal i årsrapporten rapportere om dei har gjennomført brukarundersøkingar og gjort dei offentleg tilgjengelege. Dei som ikkje gjennomfører brukarundersøkingar i 2010, skal rapportere om når slike undersøkingar vil finne stad. Overordna departement vidaresender rapporteringa samla til FAD så raskt som mogleg i 2011.

I arbeidet med brukarundersøkingar kan FADs vegvisar i brukarretting og brukarmedverknad vere nyttig.

IKT-arkitektur

For å sikre meir heilskap og samanheng skal statlege verksemder leggje ut dei sju felles arkitekturprinsippa (sjå vedlegg 4) til grunn når dei utviklar nye IKT-løysingar. Prinsippa gjeld både ved utvikling av nye IKT-system og ved vesentleg endring av eksisterande system. Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) forvaltar prinsippa. Statlege verksemder skal òg ta i bruk felles løysingar for elektronisk ID, som Difi legg til rette for. I tillegg skal verksemdene bruke Altinn når dei produserer og gjer tilgjengeleg elektroniske tenester (jf. brev frå NHD av 8. april 2008 til alle departementa).

Statlege verksemder skal:

- a) leggje arkitekturprinsippa til grunn når dei utviklar sine IKT-system
- b) ta i bruk felles eID når dei legg nye e-tenester ut på nett. Felles elektronisk signatur skal takast i bruk når han ligg føre (frå 2010). Eigne eID-løysingar som etatane brukar på eksisterande tenester, skal fasast ut og erstattast av den felles infrastrukturen i Difi. Etatar som framleis ønskjer å bruke egne eID-løysingar, må grunngje dette
- c) grunngje dei tilfella der dei vel ikkje å bruke Altinn for produksjon av relevante tenester retta mot næringsliv og publikum

Verksemdene skal skrive i årsrapporten korleis dei har følgd opp punkt a-c. overordna departement sender rapporteringa vidare til FAD og NHD.

Om ei verksemd kjem fram til at ho ikkje vil leggje fellesføringa om Altinn (c) til grunn, skal avviket grunngjevast. Ho skal då orientere overordna departement om denne grunnen *så snart avgjerda er teken*. Fagdepartementa rapporterer vidare til NHD så snart som mogleg.

Vedlegg 4: Prinsipp for planlegging av IKT-løysingar

Staten må sikre god utnytting av dei store IKT-investeringane. IKT-systema må leggje grunnlaget for enklare samhandling og utveksling av informasjon. Gode verkemiddel er gjenbruk og fleirbruk av IKT-løysingane i forvaltninga og standardisering av mellom anna format og protokollar. I tillegg er det viktig å ha nokre felles prinsipp å halde seg til i utviklinga av nye IKT-løysingar i staten eller når eksisterande system skal byggjast om. Felles prinsipp sikrar at dei IKT-løysingane som kvar etat eller sektor kjøper, utviklar og nyttar, vert underlagde sentrale krav om betre brukarorientering og meir samordning på tvers av offentlege einingar. Einsarta prinsipp for forvaltninga kan over tid gjere forvaltninga meir endringsdyktig ved at datasystem i verksemdene i større grad vert sette i samheng med systema i andre verksemdar. Det gjer integrering av systema enklare.

Prinsippa vil vere eit rammeverk for ein felles IKT-arkitektur i offentleg sektor. Denne arkitekturen må ha ein fornuftig balanse mellom universelle og lokale løysingar og ha respekt for at delar av forvaltninga treng spesialisert teknologi og eigne program for å få utført oppgåvene sine slik lovverket krev og dei politiske styresmaktene forventar.

Regjeringa legg til grunn at statlege verksemdar skal nytta følgjande prinsipp i planlegginga av nye IKT-løysingar eller ved vesentleg ombygging av eksisterande løysingar:

Tenesteorientering: IKT-system skal byggjast opp som ei samling avgrensa delsystem som legg til rette for mest mogleg gjenbruk.

Interoperabilitet: IKT-system må kunne utveksle og dele data og informasjon med andre system gjennom standardiserte grensesnitt.

Tilgjenge: Elektroniske brukartenester skal vere universelt utforma, og brukarane skal kunne nytte dei utan omsyn til tid, stad og kanal.

Tryggleik: Informasjon og tenester skal tilfredsstillere krav til konfidensialitet, kvalitet og tilgjenge.

Openheit: Offentlege IKT-system skal vere baserte på opne eller godkjente standardar. Systema skal ikkje setje spesielle krav til teknologi hos brukarane.

Fleksibilitet: Forvaltninga skal etablere og utvikle IKT-system på ein slik måte at dei er førebudde på endringar i bruk, innhald, organisering, eigarskap og infrastruktur.

Skalerbarheit: IKT-system skal vere førebudde på endringar i talet på brukarar, datamengd og livslengda til tenesta.

Kjelde: Faktaark, FAD
http://www.regjeringen.no/upload/FAD/Kampanje/Forvaltningsmelding/Faktaark_IKTprinsipp.pdf